

Stabil leiing og stor aktivitet i Idrettslaget.

22.03.2018



Styret i Uskedal Idrettslag etter årsmøte i denne veka: F.v.: Helene Bjørnebøle, Håvard Lunde, Christoffer Fossli og Per Korsvold. Geir Enes og Lars Haugland var ikke med då biletet vart teke.

Uskedal Indrettslag hadde årsmøte i denne veka. Christoffer Fossli held fram som leiar. Med seg i styret har han: Håvard Lunde, Helene Bjørnebøle, Per Korsvold, Lars Haugland og Geir Enes. Ny i styret er Lars Haugland, som erstattar Hilde Tungesvik Myklebust. Årsmeldinga vitnar om stabil og god aktivitet i 2017. Medlemstalet er 285. Av desse er 152 under 20 år.

Styret

Prosjketet Gull av grus har fått på plass naturløpe med treningsapparat. Klatreparken er delvis montert. Styret kan syna til søknader som har ført fram til løyvingar til nytt skur ved kunstgrasbanen og innkjøp av klatreutstyr.

Fotballgruppa

I 2017 har det vore 80 aktive spelalarar fordelt på gutter og jenter i alderen 5 - 13 år. I tillegg kjem 25 spelalarar som er med på samarbeidslaga med Rosendal. Kjetil Myklebust har vore leiar for Fotballgruppa.



Turmerking er ein viktig del av arbeidet til Turgruppa.

Turgruppa

Ann Kristine Olsen er leiar for turngruppa. Gruppa slit med å finna trenarar. Vaksentrimmen er aktiv. Barnetrimmen tel om lag 15 deltakarar.

Turgruppa

Målet for gruppa er å leggja til rette for friluftsliv og bruk av naturen,. Gruppa jobbar med merking av turstiar, i samarbeid med turistkontoret. Fjelltrimmen 2017 engasjerer eit høgt antal born og vaksne. Steinar Haugland er leiar.

Klatregruppa

Gruppa kan syna til høg aktivitet i klatreveggen med ope på tilsaman 35 sundagar. Det er utdanna nye instruktørar, utført vedlikehald og skrudd opp nye ruter. Det er etablert klatrefelt utadørs. Det er kjøpt inn mykje nytt utstyr. Tina Rosvold Eik er ei av leiarane.

Ski- og friidretssgruppa

Knut Johannes Ripel er leiar. Dette er ei stor og aktiv gruppe som kan syna til mange treningar, skirenn og andre arrangement. Idrettsmerktaking er også ein del av arbeidet til denne gruppa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gull av grus er truleg eit av dei største kulturelle prosjekta som er gjennomført i Uskedalen på lang tid.